

Revitalisering av kor og andre frivillige lag gjennom økonomisk sjølvstende

Sjølvstendige lag er nøkkelen til offentlege tilskot

Kor, småbarnssang, orgelklubbar og andre lag innmeldt i Ung kirkesang får årleg tilført omlag kr 3 millionar i frifondstøtte. I løpet av 2020 vart det starta arbeid for å sikre at desse midlane kan halde fram å komme arbeidet til gode. Eit toårig prosjekt vil hjelpe alle eksisterande lag – og nye lag til å få ordna og sikra det organisatoriske grunnlaget for tilskot.

Dei gode nyhenda er at Ung kirkesang har eit medlemssystem som nå enkelt kommuniserer med Brønnøysund. All innmelding og endring av styre og lag kan nå handterast i medlemssystemet. Alle i sekretariatet i Ung kirkesang kan hjelpe til med dette.

Frivillige, sjølvstendige og demokratisk styrte lag har vore grunnvollen i den norske staten sine tilskot til frivillig arbeid, sidan det vart etablert på 1950-talet. I Noreg og Norden vart tilskot til ungdomsorganisasjonar utløyst av forsøk i etterkrigstida frå KGB og CIA på å kooptere ungdomspolitiske parti gjennom økonomiske gåver. Nå har terroranslaga 9. september 2001 ført til at innstramningar i finanssektoren har ført mange lag i kyrkjeleg sektor inn i ei konto-eigar-krise. Før kunne eit frivillig lag – enkelt og raskt - opprette eigen konto i bank eller på postkontor. Alle lag hadde slike kontoar. Innstramningar i finanssektoren, for å hindre overføringar frå frivillige lag til terrororganisasjonar i utlandet, etter 2001, førte til at alle bankkonti måtte koplant til personnummer eller organisasjonsnummer. Oppretting av organisasjonsnummer har for mange lag vore ein komplisert affære. Derfor valte mange lag i kyrkjeleg sektor å knytte sine kontar til sokn og fellesråd.

Dei statlege tilskotsordningane som vart etablert i etterkrigstida har blitt utvida og kopiert, frå først å omfatte politiske ungdomsrørslar på nasjonalt plan, til fylkesvise og kommunale ordningar - og til å omfatte frivillig arbeid meir allment, og for alle under 25 år. Det er store pengar. Fleire hundre millionar kroner kvart år. Og det har vore skandalar. Medlemsjuks-saka i 1994-95, og SOS-rasisme saka (2010-2018) er to eksempel. Misbruk av ordningane av eit fåtal har ført til innstramningar, og stadig fleire reglar for alle. Nå har det kome ei ny innskjerping, som fokuserer på kven som juridisk eig kontoen laget får støtte utbetalt til. Staten skriv i sitt tilskotsbrev til Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU), at frifond ikkje må utbetalast til trussamfunn, og dermed blir det problematisert at mange kyrkjelege lag nyttar kontoar knytt til sokn og fellesråd. 26. november 2020 sendte LNU skriv til alle dei kyrkjelege organisasjonane og peika på at den praksis som har vokse fram dei siste åra, med at sokn og fellesråd har overteke økonomi og rekneskap for mange lag – er problematisk, og treng opprydding, for å sikre vidare tilskot frå frifond. Det er gitt to års omstillingstid, slik at alt er i orden i 2023.

I Ung kirkesang har Rolf A. Lie byrja i eit to-årig engasjement i 50% stilling for å hjelpe alle innmeldte lag i Ung kirkesang å få dette i orden. Han vil også hjelpe og legge til rette for nye lag, som ennå ikkje er innmeldt. Nøkkelen til innmelding vil heretter vere registrering av laget i Brønnøysund med eige organisasjonsnummer og innmelding i frivillighetsregisteret. Nokre av dei over 300 laga i Ung kirkesang har hatt dette på stell frå før, og mange kom i mål i 2020. Nå er målet at alle dei resterande laga skal få det i orden i løpet av 2021 og 2022.

Frivillighetsregisteret opnar for mange andre støtteordningar, mellom anna grasrotandelen og mva-kompensasjonsordninga. I pandemien har frivillighetsregister-registrering vore naudsynt for å ta del i kompensasjonsordningane for frivillig sektor. Mange kommunar og regionar, samt private tilskotsaktørar (fond, bankar og kraftselskap t.d) har også krav om eige organisasjonsnummer for å kvalifisere for tilskot.

Utfordringane med tett samarbeid om økonomi mellom lag og sokn har vore ei problemstilling Ung kirkesang og Norges kirkesangforbund (NKSF) har vore klar over i fleire år. Det har vore mange møte med leiinga i Kyrkjerådet og med Kirkens arbeidsgivarorganisasjon (KA) om dette dei siste åra. Arbeidet skaut fart da 11 kyrkjelege barne- og ungdomsorganisasjonar i januar 2019 etablerte «Kirkens unge» som plattform for samarbeid med Den norske kyrkja. Dette arbeidet resulterte i ein felles rettleiar utarbeidd i fellesskap mellom kyrkjerådet, KA og «Kirkens unge». Denne rettleiaren gir råd om korleis ein kan formalisere samhandlingsavtalar mellom sjølvstendige lag og sokn.

Det økonomiske sjølvstendet, som LNU nå har sett fokus på, har alltid vore eit grunnlag for støtteordningane, både nasjonalt og når det gjeld frifond til lokale lag. Dette har hittil vore dokumentert med rekneskap. Nå må det i tillegg ordnast med nødvendig sjølvstende gjennom organisasjonseigd konto, juridisk eigd av den frivillige organisasjonen.

Den verkeleg gode konsekvensen av det arbeidet som nå har starta, er at tydelegare ansvar for økonomien kan gi eit oppsving i frivillig og organisatorisk arbeid. Den norske kyrkja har valt å ha eit mangfald av organisasjonar som sitt barne- og ungdomsarbeid. Mantraet er at det skal leggjast til rette for frivillige organisasjonar på alle nivå. Dette er også nedfelt i Trusoppføringsplanen. Brønnøysundregistrering føreset at det er styre i laget. Og her ligg det ein nøkkel til vitalisering. Den tilrettelegginga som vart gjort med å knytte lags-kontoar til sokna har vist seg å vere ei bjørneteneste. Vi vonar det går betre med Ung kirkesang og våre lag enn den hesten bjørnen klemte i hel i eventyret! Og for å halde oss i eventyrmetaforen: Når laga frir seg ut av dette bjørne-famntaket, vil det vere med fleire hestar å spenne føre. Mange av laga har hittil hatt ein leiar (gjerne kyrkjemusikar) med mange frivillige medlemmer under 15 år. Dei unntaksreglane som har gjort dette mogeleg, blir nå effektivt avvikla i løpet av omstillingsperioden. Frivillige lag som heretter vil ha frifond, må etablere styre, med minst to medlemmer. Og skal alt gå rett for seg må styremedlemmene kalle inn seg sjølv og andre med stemmerett til årsmøte, og godkjenne laget si årsmelding og rekneskap. Det å få aktive styre og involvering gjennom medlemsmøte, foreldremøte, årsmøte og så vidare vil vere ein styrke for dei laga som ikkje har det nå. Her ligg det ein kime til å revitalisere lagsarbeidet i mange lag.

Nils Hidle
Generalsekretær i Ung kirkesang

Ole Aleksander Østhassel
Leiar i Landstyret i Ung kirkesang

Bildetekst: Sekretariatet i Ung kirkesang står klare til å hjelpe kor og andre kyrkjelege song og musikklag med organisering og tilrettelegging, frå venstre: Per Ivar Tamnes, Ingvild Ø. Vist, Nils Hidle, Randi C. Aarflot, Tuva Y. Gederø, Johanne J. Stafnes og Rolf A. Lie.